

Hei igjen. I kveld er det gjennomført koronatesting av alle 6. klasseelevane, og alle tilsette ved Kaupanger skule. Det er komme svar på hurtigtestane, og det er to elevar som har testa positivt. Det betyr at me har eit smitteutbrot ved Kaupanger skule. I fyrste omgang stenger me skulen og SFO torsdag 18. mars og fredag 19. mars. Torsdag 18. mars vert det ikkje gjennomført heimeundervisning. Me vil i løpet av torsdag 18. mars komme med meir informasjon mellom anna om korleis vi gjer det med heimeundervisning fredag 19. mars.

Ta vare på kvarandre – bruk helsepersonell til spørsmål og tankar de no sit med i høve smitte og sjukdom. Det vert ikkje full testing av alle elevar på Kaupanger skule, men me skal ha låg terskel for å teste for covid19. Dersom nokon har symptom, kan ein bestille time til testing på [www.c19.no](http://www.c19.no) eller kontakta legekantoret. Ved spørsmål om korona, kan ein ta kontakt med koronatelefonen på 57 65 28 00 og e-post [korona@sogndal.kommune.no](mailto:korona@sogndal.kommune.no).

Dersom det er føresette i samfunnskritiske stillingar som får vanskar med stengt skule/SFO i morgon og fredag, ta kontakt med rektor ved Kaupanger skule. Sogndal kommune vil komme med naudsynt informasjon på si heimeside/skulen si heimeside om tiltak me skal forhalde oss til i tida framover.

Med helsing

Kjell Ertesvåg

-rektor-

Kaupanger skule